



Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy

Teknisk forvaltning

Referansar:
Dykkar:
Vår: 16/2218 - 17/1065

Saksbehandlar:
Kjartan Nyhammer
Kjartan.Nyhammer@radoy.kommune.no

Dato:
26.01.2017

Landbrukssak Gbnr 99/15 - Søknad om deling av grunneigedom - Treng ikkje handsaming etter jordlova

Saksutgreiing:

Me viser til motteke nemnde sak for handsaming etter jordlova

Jordlova har til føremål å leggja tilhøva slik til rette at jordviddene i landet med skog og fjell og alt som høyrer til (arealressursane), kan verte brukt på den måten som er mest gagnleg for samfunnet og dei som har yrket sitt i landbruket.

Ein føresetnad for at jordlova kjem til anvending er at areal som vert søkt omdisponert og/eller frådelt, enten alene eller saman med anna jordbruksareal på eiendomen, kan gje grunnlag for jordbruksproduksjon. Det må objektivt sett ligga til rette for jordbruksproduksjon. Produksjonen må samstundes vere av eit visst omfang, enten for salg eller for eige bruk. Området sin karakter vil spilla ei viss rolle. Det er relevant å trekkje inn i vurderinga om eigedomen ligg i eit typisk jordbruksområde.

Eigedomen gbnr 99/15 har eit totaltareal på 21,8 dekar. Av dette er 2,9 dekar definert som fulldyrka mark og 6,1 dekar som beite.

Det er ikkje køyreveg fram til eigedomen og eigedomen er utan hus og driftsbygning for husdyrhald.

Vurdering :

Det ligg på ingen måte til rette for jordbruksproduksjon med økonomisk utbytte på eigedomen. Etter synfaring i området og nærare studier på kartet så ligg garden isolert frå andre gardsbruk i drift. Eigar nyttar i stor grad båt til å ta seg fram til eigedomen og det er ikkje køyreveg fram. Altså er ikkje arealet eigna som tilleggsjord til andre gardsbruk i drift. I realiteten er dette ein 22 dekar stor fritidstomt utan karakter av landbruksdrift.

Konklusjon:

På bakgrunn av dette finn ein at saka ikkje skal handsamast etter jordlova.

Med helsing

Kjartan Nyhammer
Landbrukssjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Teknisk forvaltning